



SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
14/01952-4

ARK. A - Kirker
269 Meland kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO
17.04.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Riksantikvarens merknadar til melding om oppstart av reguleringsplanarbeid for utviding av Meland gravplass, Meland kommune, Hordaland

Vi syner til oversending av 26. mars 2018. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av planarbeid for utviding av Meland gravplass, Meland kommune, skal innarbeidast i Hordaland fylkeskommune si fråsegn. Direktoratet sitt innspel gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit, her automatisk freda kulturminne frå mellomalderen, kyrkjegard, freda etter kulturminnelova § 4.

Saka

Meland kommune har varsla oppstart av reguleringsarbeid for planarbeid for ei utviding av Meland gravplass. Det har vore gjennomført ein mogleighetsstudie som har konkludert med at gravplassutvidinga bør skje i området som alt er regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan og at det må leggest til rette for ny veg og parkeringsplass opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge.

Meland kyrkjestad

Noverande kyrkje står om lag 300 m nordaust for mellomalderkyrkjestaden, som er automatisk freda og har id 156372 i kulturminnedatabasen Askeladden. Mellomalderkyrkja var truleg eit stavbygg, og vart rundt 1616 erstatta av ein tømmerkyrkje på same tuftområde. Denne vart riven då noverande kyrkje sto ferdig. Kyrkjegarden omgitt av steingard med tuft er bevart, men er ikkje i bruk.

Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. I Meland ligg Meland kyrkjestad frå mellomalderen. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørleg skjemmande, jf. kulturminnelova § 3. Planområdet ligg i nærleiken av kyrkjestaden. Spørsmålet om utilbørleg skjemming vil først kunne handsamast når det endelege forslaget til reguleringsplan med reguleringsformål og føresegn ligg føre. Riksantikvaren vil gje ei endeleg fråsegn til

planarbeidet når forslaget til reguleringsplan vert lagt ut på høyring, med omsyn til den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden.

Riksantikvaren vil understreke at kyrkjegarden frå mellomalderen er av nasjonal interesse. Reguleringsplanen må ta tilstrekkeleg omsyn til desse interessene.

Beste helsing

Jannie Schnedler Johansen (e.f.)

Brevet er elektronisk godkjend